



HAREID KOMMUNE



OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN

Hareid kommune 2025



Innhald

1 Innleiing.....	4
2 Lovverk	5
3 Risikoar og sårbarheiter i Hareid kommune.....	5
3.1 Kritiske samfunnsfunksjonar	5
4 Verdiar, prinsipp og metode	6
4.1 Verdiar i beredskapen.....	6
4.2 Prinsipp for kommunal beredskap.....	6
Ansvar.....	6
Likskap.....	6
Nærheit	6
Samverke.....	6
4.3 Proaktiv stabsmetodikk	6
Tidleg varsling og mobilisering	6
Informasjon	7
4.4 Organisasjonskart Hareid kommune	7
4.5 Den enkelte tilsette	8
4.6 Leiarar	8
4.7 Kriseleiinga	8
Roller og ansvar	8
Rollene i kriseleiinga	8
Varamedlemmane	9
4.8 Beredskapssekretariatet	9
4.9 Evakuering- og pårørande-team	9
4.10 Krise- og omsorgsgruppa.....	9
4.11 Samarbeid	10
Beredskapsråd	10
Faggruppe beredskap søre Sunnmøre.....	10
Andre samarbeid	10
6 Varsling av ei krise	10
7 Varsling- og krisestøttesystemet Ravyn.....	10
7.1 Årleg generell logg	11
8 Økonomi og delegeringar	11
9 Systematisk og heilskapleg beredskapsarbeid	11
9.1 Langsiktige mål.....	11



9.2 Strategiar og tiltak	11
Strategiar	11
Større tiltak.....	12
10 Krise- og beredskapsplanar i Hareid kommune	14
10.1 Oppbygging av planar.....	14
10.2 Oversikt over beredskapsplanverket i Hareid kommune	15
11 System for kompetanse og øving	17
11.1 Kompetansekrav	17
11.2 Øvingar og evalueringar.....	17
12 Årshjul for beredskap i Hareid kommune	18
13 Revisjonar	19



1 Innleiing

Hareid kommune har eit grunnleggjande ansvar for å ta vare på befolkninga si tryggleik og sikkerheit innanfor vårt geografiske område. Hareid kommune sin overordna beredskapsplan skal bidra til å styrke kommunen si evne til å handtere større uønskte hendingar. Planen er ein administrativ plan, som saman med dei operative delplanane skal imøtekome krava til overordna beredskapsplan i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Administrativ del av beredskapsplanen skildrar korleis beredskapen i Hareid kommune er organisert, samordna og dokumentert. Den set også måla for beredskapen, strategiar og tiltak. Dette dannar grunnlaget for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Dei operativ delane av beredskapsplanen fungerer som krisehandteringsverktøy når kriser inntreff.

Overordna beredskapsplan for Hareid kommune er utarbeidd i samsvar med sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt, i tillegg til kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2025.

Overordna beredskapsplan skal vere førande for alle beredskapsplanar som vert utarbeidde for Hareid kommune, på alle nivå. Planen er verksemどovergripande og gjeld alle sektorar og tenesteområde i kommunen.

Hovudrevideringar av overordna beredskapsplan skal godkjennast av kommunestyret årleg.

Delplanar og mindre oppdateringar blir meldt som referatsaker til kommunestyret.

Vedteke i kommunestyret 26. Mai 2025.

Denne planen er sist revidert 13. juni 2025.

Sjå fullstendig revideringshistorikk til slutt i dokumentet.

2 Lovverk

Forskrift om kommunal beredskapsplikt legg føringar for overordna beredskapsplan. Mellom anna i

paragraf 4:

"Kommunen skal være forberedt på å håndtere uønskede hendelser, og skal med utgangspunkt i den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen utarbeide en overordnet beredskapsplan. Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krisे- og beredskapsplaner."

paragraf 6, andre ledd:

"Kommunens beredskapsplan skal til enhver tid være oppdatert, og som et minimum revideres en gang pr. år. Av planen skal det fremgå hvem som har ansvaret for oppdatering av planen og når planen sist er oppdatert."

3 Risikoar og sårbarheiter i Hareid kommune

Hareid kommune har gjennomført ein heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse. Denne analysen har avdekkja følgande sårbarheiter.

Tre av dei er spesielle for Hareid, om enn ikkje unike:

- Vi bur på ei øy og kan bli isolerte eller miste forsyningar.
- Vi er ein kommune med svak økonomi med og få menneskelege ressursar.
- Vi er utsatt for naturfarar.

I tillegg:

- Samfunnet avhengige av digitale verktøy og -kommunikasjon.
- Samfunnet er ikkje rusta til å motstå målretta handlingar mot infrastrukturen vår.

3.1 Kritiske samfunnsfunksjonar

I den heilskapleg risiko og sårbarhetsanalysen har vi også sett på kritiske samfunnsfunksjonar og korleis desse blir råka i kriser. Dei funksjonane som blir råka oftast er **oppfølging av særleg sårbare grupper** og **naudsynte helse- og omsorgstenester**.

Sjå heilskapleg ros for utdjuping.



4 Verdiar, prinsipp og metode

4.1 Verdiar i beredskapen

Sivilbeskyttelseslova sin føremålsparagraf legg føringar for kva verdiar som skal beskyttast ved uønskte hendingar, og den innbyrdes prioriteringa mellom dei:

- liv og helse
- miljø
- materielle verdiar og kritisk infrastruktur.
- I tillegg, men nedst på prioriteringsslista, ligg tillit og omdøme.

4.2 Prinsipp for kommunal beredskap

Hareid kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er basert på prin-
sippa om likskap, nærliek, ansvar og samvirke.

Ansvar

Den delen av organisasjonen som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, har òg ansvaret for nødvendige beredskapsplanar og beredskapsførebuingar, og for å handtere ekstraordinære hendingar på området.

Likskap

Den organisasjonen ein opererer med under kriser, skal i utgangspunktet vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.

Nærheit

Kriser skal organisatorisk handterast på lågast mogleg nivå.

Samverke

Myndigheter, verksemder og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

4.3 Proaktiv stabsmetodikk

Hareid kommune skal vere proaktiv i krisehandteringa. Proaktiv beredskapsleiing handlar om å identifisere tiltak som kan styre utviklinga i ønska retning og iverksette tiltak før omstenda tvingar oss til å gjere det.

Tidleg varsling og mobilisering

Dersom tvil, bør vi alltid velje å varsle eller mobilisere.

Kriseleiinga blir mobilisert på eit tidleg tidspunkt og kan heller dimitterast om hendinga eller konsekvensane blir mindre omfattande enn antatt.



Interne og eksterne aktørar skal også varslast tidleg, slik at dei er klare til rask mobilisering om det blir behov.


Vi skal sikre moderat overkapasitet på dei viktigaste ressursane på eit tidleg tidspunkt.

Informasjon

Hareid kommune skal ha som mål å vere først ute med informasjon til media og andre interessentar om beredskapssituasjonar som rammar Hareid kommune.

Informasjonen skal vere så korrekt som mogleg – sjølv om den kan gi negativ publisitet.

4.4 Organisasjonskart Hareid kommune





4.5 Den enkelte tilsette

Alle tilsette i Hareid kommune er ein del av beredskapen vår. Den viktigaste oppgåva til tilsette vil vere førebyggande. Det er alltid enklast å hindre at kriser oppstår, samanlikna med å handtere dei.

Alle tilsette har ansvar for å varsle om situasjonar som kan føre til, eller er kriser.

Alle tilsette kan i ein krisesituasjon bli beordra til andre arbeidsoppgåver for å hindre eller handtere krisa.

4.6 Leiatar

Ansvaret for beredskap ligg til fagansvaret. Det betyr også at ansvaret for førebygging ligg til fagansvaret. I hovudsak vil dette vere einingsleiatarar eller kommunalsjefar.

4.7 Kriseliinga

Roller og ansvar

Kriseliinga tek over leiinga av kommunen når det oppstår ein ekstraordinær situasjon som råkar kommunen som geografisk område eller organisasjon.

- Hendingane vil vere komplekse.
- Dei kan føre til alvorlege konsekvensar for viktige samfunnsverdiar.
- Dei utfordrar kapasiteten til kommunen
- Dei er eigna til å skape uro og frykt i befolkninga.

Utanom krisene har kriseliinga ansvar for revidering av dei overordna beredskapsplanane og -dokumenta. Faste møte utanom hendingar ligg i årshjulet.

Kvart enkelt medlem i kriseliinga har ansvar for å ha oversikt og revidering over beredskapsplanane og -dokumenta som ligg til sin sektor/fagansvar.

Rollene i kriseliinga

Kriseliinga består av følgande faste roller:

- ordførar
- varaordførar
- kommunedirektør
- kommunalsjef samfunnsutvikling (per 13.06 erstatta med leiar for kommunalteknikk og leiar for eigedom)
- kommunalsjef velferd
- kommunalsjef læring og kultur
- kommunikasjonsansvarleg
- beredskapskoordinator
- leiar for beredskapssekretariatet
- kommuneoverlege



I tillegg vil aktuelle ressurspersonar bli kopla på alt etter hendinga som må handterast. Det kan vere interne ressursar eller eksterne som til dømes politi, brann, IKT og så bortetter.

Varamedlemane

Varamedlemane tek over roller, ansvar og oppgåver når dei i krisesituasjonar møter for dei dei er varaar for.

Ein av sårbarheitene som er avdekkja i den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalySEN, er at mange oppgåver/roller ligg berre til éin person, og at desse ikkje blir følgjt opp når desse personane er vekke. I kriseleiinga er det ekstra viktig å ha redundans og god personelldekning, då krisene i seg sjølv vil krevje mykje frå enkeltpersonar, men også ha som konsekvens at mange personar kan bli sett ut av spel.

Derfor skal varamedlemane, utanom krisene, delta i alle aktivitetar og møter. Målet er å sikre kontinuitet og ei felles forståing for beredskapsarbeidet.

4.8 Beredskapssekretariatet

Beredskapssekretariatet består av dei tilsette i servicetorget og politisk sekretariat. Beredskapssekretariatet skal hjelpe kriseleiinga med praktisk hjelp under ei krise. Oppgåver vil vere:

- informasjon/kommunikasjon
- sentralbord
- innkjøp
- loggføring
- praktisk hjelp til kriseleiinga

Roller og ansvar er handsama i eigen del-plan.

4.9 Evakuering- og pårørande-team

Ved hendingar som krev evakuering eller har mange pårørende, vil evakuering- og pårørandeteamet (EPT) bli aktivert.

EPT vil ha ansvar for å setje opp og drifte eit evakuering- og pårørande senter (EPS) I all hovudsak skal EPT sine medlemmar ikkje vere medlemmar i kriseleiinga. Grunnen er at kriseleiinga ikkje skal bli "tømt" om det blir naudsynt å aktivere EPT.

Roller og ansvar vil bli handsama i eigen del-plan som er under utarbeiding.

4.10 Krise- og omsorgsgruppa

Krise- og omsorgsgruppa er i utgangspunktet ikkje ein del kriseleiinga, men vil bli brukt av evakuering- og pårørandeteamet til å koordinere psykososial førstehjelp. Gruppa har også oppgåver utanom kommunale kriser, der dei koordinerer psykososial støtte til personar som har opplevd uønskte dødsfall eller liknande.

Krise- og omsorgsgruppa har eigen plan for sitt arbeid.



4.11 Samarbeid

Beredskapsråd

Hareid kommune har eit beredskapsråd som består av kriseleriinga, andre offentlege verksemder og beredskapsaktørar, frivillige organisasjonar og næringsliv.

Beredskapsrådet har møte minst ein gong i året og elles når det er særskilde høve. Faste tema for møta er oppdatering og revidering av planverk, gjennomgang av hendingar, planlegging av øvingar med meir. Kommunen er ansvarleg for å kalle inn til møte og halde møterom.

Deltakarane i beredskapsrådet går fram av varslingslista.

Faggruppe beredskap søre Sunnmøre

Hareid kommune samarbeider med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre gjennom beredskapskontaktane. Faggruppa har møte fleire gonger i halvåret for å drøfte felles utfordringar. Det er også ein eigen teams-kanal til deling spørsmål og informasjon.

Der det er rom for det, vil faggruppa søke å utarbeide felles planverk eller malar for kommunane.

Andre samarbeid

Hareid kommune har beredskapsavtalar med lokallaga til Røde Kors og Norske kvinners sanitetsforening. Desse to organisasjonane vil kunne hjelpe kommunen med praktisk hjelp, EPS-bistand med meir.

6 Varsling av ei krise

Alle tilsette i Hareid kommune har ansvar for å varsle om kritiske hendingar eller katastrofar.

Personar i umiddelbar fare og naudetatar skal alltid varslast først, deretter nærmeste leiar, som så rapporterer vidare. Dersom ein ikkje får tak i nærmeste leiar, skal ein ikkje vente, men kontakte neste nivå. Om naudsint heilt til ordførar, kommunedirektør eller beredskapskoordinator.

Ordførar, kommunedirektør og beredskapskoordinator kan kvar for seg varsle kriseleriinga, dersom det ikkje er tid til å samrå seg.

Utfyllande informasjon om varslingsrutinar for kriseleriinga er ein del av plan for kriselisting.

7 Varsling- og krisestøttesystemet Ravyn

Hareid kommune nyttar krisestøtteverktøyet Ravyn som kanal for varslar og loggføring av kriser.



Ved alle hendingar som er, eller har potensiale til å utvikle seg til, ei krise, skal det oppretta logg.

Sjå plan for kriseleriinga for detaljar.

7.1 Årleg generell logg

Gjennom året blir hendingar, møte og anna relevant informasjon loggført i den årlege generelle loggen som er oppretta i Ravyn.

8 Økonomi og delegeringar

Kriseleriinga har etter delegeringsreglementet mynde til å bruke inntil to millionar kroner for å handtere ein akutt krise. Pengane skal nyttast til å avverje eller avgrense skade og tap av liv og helse. *[sett inn dato for vedtak og referanse til kommunelov]*

9 Systematisk og heilskapleg beredskapsarbeid

9.1 Langsiktige mål

Hovudmålet for beredskapsarbeidet vårt er å ta vare på innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik ved å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. For å nå hovudmålet, har vi desse delmåla:

- Hareid kommune skal på alle relevante område ha oppdaterte og tenlege beredskapsplanar. Dei skal oppfylle lovkrava i sivilbeskyttelseslova med forskriftar, og dei skal bygge på dei kjende risikoane og sårbarheitene i kommunen og på fagfeltet.
- Desse planane skal vere levande dokument, godt kjende i organisasjonen og grunnlaget for å jobbe langsiktig med haldningar og strukturar.
- Hareid kommune skal involvere lokalsamfunnet i beredskapsarbeidet.

9.2 Strategiar og tiltak

Alle tiltaka frå den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggjast inn i styringssystemet Framsikt. Det same skal tiltak som blir avdekkja under øvingar eller langs med.

Kriseleriinga prioriterer kva tiltak som skal jobbast med til ein kvar tid. Tiltak som ikkje kan løysast med gjeldande budsjett skal meldast opp til kommunestyret.

Per dags dato er følgande langstiktige strategiar og større tiltak prioriterte:

Strategiar

Samarbeid



Hareid kommune skal søkje samarbeid med relevante kommunar i alt beredskapsarbeid. Dette gjeld alle fagområde. Tilsette i Hareid kommune skal vere ein pådrivar for beredskapssamarbeid ovanfor kollegaar i andre kommunar. Samarbeidet kan vere kompetansehevande eller gi tilgang til ressursdeling.

Hareid kommune skal samarbeide med lokalt næringsliv og frivilligheit for å sikre sam-handling og utnytting av felles ressursar og kapasitet.

Beredskapsrådet er eit utgangspunkt for slikt samarbeid, men kommunen bør også ar-rangere årlege møtepunkt med frivilligheit og næringsliv.

Eigenberedskap

Hareid kommune skal vere ein pådrivar for auka eigenberedskap hos innbyggjarane. Kommunen skal delta i eigenberedskapsveka kvart år, men også gjennom resten av året promotere god eigenberedskap.

Førebygge naturrisiko

Hareid skal kommune skal ta omsyn til naturrisiko i all arealplanlegging og bygge-handsaming. Inkludert i naturrisiko ligg mellom anna flaum, flodbølge, ras og terregn-brann.

Kapasitet og kompetanse i beredskapsarbeidet

Hareid kommune skal sikre kontinuitet i bereskapsarbeidet ved å sørge for at viktige roller/ansvar i beredskapsarbeidet er fordelt på fleire personar. Det betyr at stedfortre-darar må vere inkludert og involvert i beredskapsplanlegging og anna beredskapsar-beid utanom kriser.

Når personar med rolle i beredskapsarbeidet går over i anna rolle, eller sluttar i kom-munen, må plassen deira fyllast snarast råd.

Alle som har ei rolle i kriseleiinga/beredskapsarbeidet må ha minimumskompetanse innan beredskapsarbeid. Dei må også ha god oversikt over beredskapsarbeidet knytt til sitt fagområde.

Det skal utarbeidast ein kompetanseplan- og oversikt for rollene i beredskapsarbeidet.

Beredskap skal vere eit fast punkt under folkevaldopplæringa i starten av ny periode.

Større tiltak

Oppdatert overordna beredskapsplan

Den overordna beredskapsplanen er ikkje revidert sidan 2018. Øvst på prioriterings-lista er derfor å få på plass ein ny, oppdatert og godt forankra beredskapsplan.

Tidsplan gjennomføring: Den administrative delen skal vedtakast før sommarferien 2025. Underdelane (plan for kriseleiing, krisekommunikasjon, beredskapssekretaria-tet) kjem snarast råd.

Plan for evakuering- og befolkningsvarsling



I ni av scenarioa er det behov for å varsle befolkninga med ein gong. I seks er det behov for evakuering. Hareid kommune har per våren 2025 ikkje ein fungerande plan for evakuering- og befolkningsvarsling.

Dette er eit lovkrav og må oppfyllast snarast råd.

Delen som gjeld befolkningsvarsling er relativt enkel, og må vere klar før sommarferien 2025.

Tidsplan gjennomføring: Plan for evakuering- og pårørandesenteret må arbeidast med parallelt. Det må vere eit mål at roller og ansvar er fordelt før sommaren 2025. Gjennomføring planarbeid: hausten 2025

Handlingsplan for forsyningssvikt

I ni av scenarioa mistar vi forsyningar i ein eller annan form. Ein av målsettingane for H-rosen er å finne tiltak som kan verke på tvers av scenario. Eit slikt tiltak kan vere handlingsplan for forsyningssvikt. Denne planen kan delast inn i kapittel som tek føre seg straum, vatn, elektronisk kommunikasjon, medisin, mat med meir.

I kapittelet "kritiske samfunnsfunksjonar" viser vi korleis dei kritiske samfunnsfunksjonane er avhengige av kvarandre. Tiltak som kan bøte på konsekvensane av til dømes straumbrot, vil kunne bli barrierar som gjer at straumbrotet ikkje får konsekvensar for til dømes sårbare grupper.

Det er ein omfattande plan, men vi kan ta føre oss kapittel for kapittel.

Tidsplan gjennomføring: Oppstart /plan for gjennomføring hausten 2025. Arbeid gjennom 2026

Øving digitalt angrep

Nedstenging av digitale tenester vil kunne slå ut mange av dei andre kritiske samfunnsfunksjonane. Hareid kommune skal derfor, saman med dei andre kommunane i IKT-samarbeidet øve på digitale angrep/nedstenging av digitale tenester.

Før øvinga skal beredskapsplanane til kommunane og SSIKT samkjøyrast og revide-rast.

Øving(ane) skal evaluera og deretter skal planane oppdaterast.

Tidsplan gjennomføring: Hausten 2025- våren 2026

Oppdatering av kontinuitetsplanar – plan for oppfølging

Seks av scenarioa vil påføre kommunen eit tidstap på minst to årsverk fyrste kvartal. Det mest sannsynlege scenarioet (pandemi 2.0) er det som vil krevje mest av oss. Vi treng derfor å oppdatere kontinuitetsplanane våre og ha ein plan for å halde desse oppdaterte.

Tidsplan gjennomføring: Oppstart snarast, hovudinnsats våren 2026

Per april 2025 er Hareid kommune i innkøyringsfase med Framsikt. Før systemet er teke fullt i bruk, vil tiltaka frå H-ros og evaluering av hendingar og øvingar ligge i eige dokument med tillagt ansvar og tidsfristar (vedlegg).

10 Krise- og beredskapsplanar i Hareid kommune

10.1 Oppbygging av planar


Alle beredskapsplanar skal ta utgangspunkt sårbarheitene som er avdekket i heilsakleg risiko- og sårbarheitsanalysen og prinsippa som ligg i den overordna beredskapsplanen.

Andre fag- eller sektorspesifikke planar og rutinar skal også ta utgangspunkt i desse sårbarheitene. Dei skal også vere eit utgangspunkt for dei fag- og sektorspesifikke beredskapsplanane.

Prinsippa i den overordna beredskapsplanen skal vere førande for resten av beredskapsplanverket i kommunen, og trumfar andre planar ved eventuell motstrid.

Planar skal reviderast ved behov og minst kvart fjerde år, om ikkje kortare tidsperiode er spesifisert i lovverk eller andre styringsdokument.

Beredskapskoordinator skal vere involvert når nye beredskapsplanar skal lagast eller gamle planar skal reviderast.





10.2 Oversikt over beredskapsplanverket i Hareid kommune

DOKUMENT	SIST REVI-DERT	NESTE REVISJON	ANSVARLEG
Heilskapleg ROS-analyse	26.05.2025	2027 / kvart fjerde år, siste i kommunestyre-perioden	Kriseleiinga /beredskapskoordinator
Overordna beredskapsplan	26.05.2025	2026 /årleg	Kriseleiinga /beredskapskoordinator
Handlingsplan - plan for kommunal kriselerding	26.05.2025	2026 /årleg	Kriseleiinga / beredskapskoordinator
Handlingsplan - plan for beredskapssekretariatet	26.05.2025	2026 /årleg	Beredskapskoordinator / leiar for beredskapskoordinator
Handlingsplan - plan for befolkningsvarsling	26.05.2025	2026 /årleg	Kriseleiinga / beredskapskoordinator
Handlingsplan – plan for kriekommunikasjon	26.05.2025	2026 / årleg	Kriseleiinga /kommunikasjonsansvarleg
Handlingsplan – plan for evakuering og pårørandesenter	24.05.2017	Snarast – tiltak frå H-ros	Beredskapskoordinator / sektor for velferd
Varslingslister/ressursliste	2025	Til ein kvar tid	Beredskapskoordinator
Handlingsplan for Hareid ved skred frå Åknes	03.03.2017	*	*
Felles konsekvensanalyse og generell aktørplan – Fjellsred frå Åkneset	12.2015	*	*
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2009	Snarleg	Kommunalsjef velferd
Katastrofeplan	2009	Snarleg	Kommunalsjef velferd
Hovudplan for Pandemi	2021	Snarleg	Kommuneoverlege
Handlingsplan for Pandemi	2021	Snarleg	Kommunalsjef velferd
Smittervernplan (Infeksjonskontrollprogram)	2018	Snarleg	Kommunalsjef velferd
Retningslinjer for kris- og omsorgsgruppa	2021	Snarleg	Einingsleiar helse og koordinerande eining
Beredskapsplan SSIKT	2022	2025	SSIKT
Beredskapsplan ved krisje og trugslar i skulen	21.02.2017	2025	Kommunalsjef læring og kultur
Beredskapsplan for vassforsyning	15.11.2018	Utgår	Skal inn i handlingsplan for forsyningssvikt
ROS-analyse for vassbehandlingsanlegg	21.12.2020	Ved behov	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Beredskapsplan for streik	2022	Ved behov	Personalleiar
Kontinuitetsplanar	Ved behov	2026 – tiltak frå H-ros	Kommunalsjefar
Prosedyre for utdeling av jod	2022	2025 – tiltak frå H-ros	Kommunalsjef læring og kultur og velferd
Handlingsplan for forsyningssvikt	NY	Oppstart hausten 2025 – tiltak i H-ros	Beredskapskoordinator
Beredskapsplan mot akutt forureining – IUA Sunnmøre	01.2020	Årleg	Sekretariat for beredskapsstyret IUA Sunnmøre
Brannordning for Hareid brannvesen	2015	2019	Brannsjefen
ROS-analyse av brann og ulykkesberedskapen i Hareid	2014	2019	Brannsjefen
Delplan for Hareid kommune – beredskapsplan mot akutt forureining	2011	Ved behov	Brannsjefen



* Dei gamle planane er utdaterte. Det pågår eit arbeid no for å revitalisere Åknes-samarbeidet. Det er ukjart kva planar som vil kome ut av dette.

Alle beredskapsplanar er lagra i Teams i teamet HA-kriseleiing.

Papirversjonar av overordna beredskapsplan, med delplanar er også tilgjengelege i papirformat i beredskapspermane til ordførar, kommunedirektør og beredskapskoordinator.

Kommunalsjefar skal sørge for papirkopiar av fag/sektorspesifikke planar for sin sektor.

Sjå [Rutine for oppdatering og lagring av planar, ressurs- og varslingslister.docx](#)

11 System for kompetanse og øving

11.1 Kompetansekrav

Kommunen skal gjennomføre opplæring for personar og funksjonar som har ei rolle i kommunen sin kriseorganisasjon. Kommunedirektøren har ansvar for å sikre at opplæring blir gitt innan rimeleg tid.

Medlemmane i krieseleiinga har også eit sjølvstendig ansvar for å tilegne seg naudsynt kompetanse i krisehandtering og kunnskap om kommunen sine planar og prosedyrar i krisesituasjonar.

Beredskapskoordinator skal leggje til rette for opplæring og kompetansehevande tiltak.

Dersom intern opplæring/kompetanseoverføring ikkje er nok, bør kommunen nytte eksterne kurs, til dømes gjennom DSB kurssenter.

Som eit minimum skal alle i krieseleiinga

- ha god kunnskap og forståing av
 - kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse
 - overordna beredskapsplan, både den administrative og den operative delen
 - krisekommunikasjonsplanen
 - plan for evakuering og befolkningsvarsling
 - beredskapsplanar og -rutinar som ligg til fagansvaret
- kunne nytte krisehandteringssystemet Ravyn

Det er obligatorisk å delta på øvingar, opplæring og møter i krieseleiinga.

Det er utarbeida ein opplæring- og kompetanseplan for alle som er involvert i krieseleiinga.

Oppfylling av kompetansekrava blir loggført av beredskapskoordinator.

Beredskap, inkludert heilskapleg ros og overordna beredskapsplan, skal vere ein del av folkevaldopplæringer i starten av kvar kommunestyreperiode.

11.2 Øvingar og evalueringar

Det skal øvast minst ein gong i året på alle nivå, både i overordna organ, som krieseleiinga, og i sektorar og einingar.

Øvingar kan vere både fysiske og diskusjonsøvingar.

Det er ein fordel om sektorar øver på tvers og på same scenario.

Det skal gå fram av alle planar kor ofte dei skal øvast.

Hareid kommune deltek alltid på dei årlege fårikål-øvingane som blir arrangert av statsforvaltaren.

Alle øvingar skal ta utgangspunkt i gjeldande planar, der den overordna beredskapsplanen er førande.

Alle øvingar skal evaluerast snarast råd etter at øvinga er avslutta. Evalueringa skal munne ut i tiltak og eventuell revidering av planverk.

Desse tiltaka skal leggjast inn i styringssystemet Framsikt.



Alle øvingar skal på førehand meldast til beredskapskoordinator. Det same skal alle evalueringar.

12 Årshjul for beredskap i Hareid kommune

NÅR	HENDING	ANSVAR	Rutine?
Januar			
	Øving	Kriseleiinga	Internøving - papir/fysisk anna kvart år
Februar			
	Øving/testing av Ravyn Inkludert testing av satellittelefon og rutine for aggregat	Beredskapskoordinator	Det må lagast rutine og mål for øvinga.
	Kompetansesjekk kriselowering - også varaar	Beredskapskoordinator	Skal følgje kompetansekrava – kravliste må lagast.
Mars			
	Fast halvårleg møte med kriselowering.	Kriseleiar og beredskapskoordinator finn dato. Tema: revisjon av planar, oppdatering, kompetanseheving. Budsjettspørsmål.	
April			
	Fast årleg møte med sektorane (einingsleiarar og nøkkelpersonar).	Beredskapskoordinator og kommunalsjefar	
Mai			
	Fast årleg møte med beredskapsrådet	Kriseleiar og beredskapskoordinator	
	Politisk handsaming av reviderte planar		
Juni			
Før sommarferien	Leggje feriekabal for kriselowering. Har alle funksjonar erstattar på plass?	Leiar i kriselowering	
Før sommarferien	Sjekke satellittelefonar.	Leiar kriselowering Beredskapskoordinator Kommunalsjef velferd	
Juli			
August			
September			
	Melde inn budsjettbehov	Beredskapskoordinator	
Oktober			
	Øving/testing av Ravyn Inkludert testing av satellittelefon og sjekk rutine aggregat	Beredskapskoordinator	



	Fast halvårleg møte krieseleing	Krieseleiar og beredskapskoordinator finn dato. Revisjon av planar, oppdatering, kompetanseheving. Budsjettspørsmål.	
	Fast årleg møte med Røde kors og Sanitetten	Beredskapskoordinator, kommunedirektør og ordførar	På agendaen skal beredskapsavtale og rolleavklaring stå
November			
	Øving fårikål	Fellesøving med statsforvaltaren og dei andre kommunane	
Desember			
	Starte planlegging internøving	Beredskapskoordinator	Annakvart år papir/fysisk. Nytte scenario frå H-ros.

13 Revisjonar

Dato	Endring
26.05.25	Vedteke i kommunestyret
13.06.25	Lagt inn leiar for kommunalteknikk og leiar for eigedom som faste medlemmar i krieseleiringa. Oppdatert organisasjonskart.